



Formannskapa i Sogn regionråd

Kommunereforma – vurdering frå prosjektgruppa

Prosjektgruppa, som består av rådmennene og to tillitsvalde, har vurdert rapporten frå Telemarksforsking om aktuelle strukturalternativ for Sogn regionråd og har følgjande innspel:

Kommunestrukturalternativ

Prosjektgruppa synest utgreiinga er god og grundig. Rapporten gir eit godt bilde av status og utfordringar i Sogn framover, og vil gje kommunane eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing.

Prosjektgruppa meiner kommunestrukturen vi har i dag ikkje vil stå seg i framtida, og har vurdert kva alternativ som vil fremja målsetjinga frå nasjonalt hald. Prosjektgruppa tilrår at kommunane i felles formannskapsmøte 30. oktober vurderer å gå vidare med alternativ 2: Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Framdriftsplan

Framlegg til framdriftsplan for arbeidet om kommunereforma fram til 1. juli 2016 følgjer vedlagt.

Sogndal, 12. oktober 2015

Odd Arve Rakstad
leiar i prosjektgruppa